


SKILT OG REKLAME

Søknad sendes til:

**Stranda kommune,
Øyna 13,
6200 Stranda**



Kva for skilt- og *reklameinnretningar er unntatt søknadsplikt og kva for må du søkja om?

Når du skal setja opp skilt- og reklameinnretning er det tre ulike kategoriar som er aktuelle. Avhengig av skilt- og reklameinnretningens storleik og plassering kan det vera at du;

1. Kan setja opp utan å søkje (altså ikke søknadspliktig).
2. Må søkje, men kan som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal byggje) sjølv vere ansvarleg for søknaden og eventuell byggearbeidar knytt til bruksendringa.
3. Må søkje og søknaden må innsendast av føretak som påtar seg ansvar som ansvarleg søkjar, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggjar etter byggesaksforskriften (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må gjerast av føretak som påtar seg ansvar som henholdsvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbyggjar med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må utførast av føretak som påtar seg ansvar for kontroll. Alle føretak som påtar seg ansvar må tilfredsstillere krav til kvalitetssikring jf SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf SAK10 kapittel 11.

Her er tre tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig etter <u>plan- og bygningslova (pbl) § 20-5 e</u> og <u>SAK10 § 4-1 d</u> pkt. 4:	
Kva for skilt- og reklameinnretningar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<p>Skilt- og reklameinnretning inntil 3,0 m² som monterast flatt på vegg. Unntaket omfattar ikkje montering av fleire skilt- og reklameinnretningar på same fasade.</p> <p>Med skilt vert meint verksemd- og informasjonsskilt. Monterast fleire einingar samstundes på same fasade, kjem unntakavgjerda ikkje til anvende.</p> <p>Oppføring av ytterlegare eitt skilt eller reklameinnretning på fasade som har slike tiltak frå før, kan sjåast bort frå med mindre oppføringa kjem i konflikt med avgjerda i pbl § 29-2 om visuelle kvalitetar.</p> <p>Unntakavgjerda gjeld uavhengig av belysning. Belysning kan likevel vera ein faktor som får tyding i tilhøve til avgjerda i pbl § 29-2 Om kommunen finn at tiltaket er i strid med pbl § 29-2, kan kommunen i ettertid gje pålegg om fjerning.</p>	<p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal gjere) følger bestemmelsane i <u>plan- og bygningslova</u> med tilhørande forskrifter, arealplanar som kommuneplanens arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Tiltaket må heller ikkje kome i strid med anna regelverk. Du er sjølv ansvarleg for å gjere eventuelle nødvendige avklaringar med andre myndigheite som er nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u>.</p>

SKILT OG REKLAME**ByggSøk**

Dersom du skal sette opp skilt eller reklameinnretning som er søknadspliktig, rår vi til at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis og nettbasert, og du får rettleiing om utfyllinga undervegs. Ved å nytte seg av ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknade. Mange kommunar har redusert gebyr for søknader sendt inn via ByggSøk.

2. Søknadspliktige tiltak som du sjølv som tiltakshavar kan vere ansvarleg for etter plan-og bygningslova § 20-4 og SAK 10 § 3-1 d):

Kva for skilt- og *reklameinnretningar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<ul style="list-style-type: none"> • Skilt- og reklameinnretning inntil 6,5 m² montert på vegg • Skilt- og reklameinnretning med høgd inntil 3,5 m og breidde inntil 1,5 m montert frittstående på terreng <p>Avgjerda omfattar ikkje plassering av skilt- og reklameinnretningar som kan utgjera fare for persontryggleik og ikkje når fleire skal monterast på same stad eller på same fasade.</p> <p>Om skiltet vert plassert slik at det kan falla ned på eit folksamt område, som til dømes fortau eller inngangsparti, vil det kunna vera til fare for persontryggleiken. Det same gjeld for skilt som vert plassert direkte på bakken og ikkje er tilstrekkeleg forankra.</p> <p>Vêr oppmerksam på at kommunen kan ha lokale reglar om visuelle kvalitetar sett fast i arealplan. (Visuelle kvalitetar handlar blant anna om utsjånad og plassering.)</p>	<p>Søknad kan innsendast av deg sjølv som <u>tiltakshavar</u>.</p> <p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket følgjer avgjerdene i <u>plan- og bygningslova</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplaner som kommuneplanens arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Tiltaket må heller ikkje koma i strid med anna regelverk. Du er sjølv ansvarleg for å gjera eventuelle naudsynte avklaringar med andre myndigheiter som er nemt i SAK 10 § 6-2.</p> <p>Før du byrjar arbeidet rår til vi at du informerer naboane dine.</p>

Søknaden skal innsendast i eit eksemplar. I følge SAK10 § 5-4 skal den innehalde:

Søknadsblankett	nr. 5153*
<p>Kvitivering for nabovarsel og Opplysninger gitt i nabovarsel. Naboar og tverrbuarar skal varsleast <u>nr. 5155 og 5156</u> dersom deres interesser berøres. Noe som sjelden vil være tilfelle for denne type bruksendringer men som likevel kan forekomme. Dersom det søkes om dispensasjon, skal det varsles særskilt om dette. Søknaden kan ikke sendes til kommunen før frist for nabomerknader er utløpt. Du finner mer informasjon i informasjonsarket «<i>Nabovarsel –innhold og varslingsmåter</i>».</p>	
<p>Eventuelle merknader fra naboer, med utgreiing for korleis desse eventuelt er teke omsyn til.</p>	
<p>Situasjonsplan. med tiltaket innteikna i målestokk. Kartgrunnlag må være av nyare dato og tingast hjå kommunen. Du finner meir informasjon i informasjonsarket «<i>Situasjonsplan – kva vert krevd?</i>»</p>	
<p>Teikningar Dei skal vere fagmessig utført og i målestokk, f. eks. 1:100. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «<i>Teikningar – kva vert krevd?</i>»</p>	
<p>Eventuelle utsegner og avgjerder frå andre myndigheite som nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u> (vegmyndigheit etc.)</p>	
<p>Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, vert det kravd grunnjevne søknad etter <u>plan-og bygningslova § 19-1</u>. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje nødvendig dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuelle naboar. Dette i samsvar med <u>plan-og bygningslova § 29-4</u> og teknisk forskrift (TEK 10) § 6-4. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «<i>Dispensasjon</i>».</p>	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

De 4-sifrede numrene til høyre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finner på Direktoratet for Byggekvalitet sine sider.

SKILT OG REKLAME**3. Søknadsppliktige tiltak med krav om ansvarlige foretak etter plan- og bygningslovens § 20-3:**

Kva for skilt – og reklameinnretninger gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
Andre skilt- og reklameinnretninger enn dei som er nemnt i tabell 1 og 2.	Søknad om slike skilt og reklameinnretningar må innsendast av foretak som påtar seg ansvar som <u>ansvarleg søkjar</u> .
Søknaden skal innsendast i eit eksemplar. I følge <u>SAK10 §5-4</u> skal den innehalde:	
Søknadsblankett inkludert erklæring om ansvarsrett for søkjar nr. 5174* og 5175*, ev. 5184* og 5187*	
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gitt i nabovarsel. Naboar og tverrbuarar skal varsleast nr. 5155 og 5156 dersom deres interesser berøres. Noe som sjelden vil være tilfelle for denne type bruksendringer men som likevel kan forekomme. Dersom det søkes om dispensasjon, skal det varsles særskilt om dette. Søknaden kan ikke sendes til kommunen før frist for nabomerknader er utløpt. Du finner mer informasjon i informasjonsarket « <i>Nabovarsel – innhold og varslingsmåter</i> ».	
Eventuelle merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse eventuelt er teke omsyn til.	
Situasjonsplan med tiltaket innteikna i målestokk. Kartgrunnlag må være av nyare dato og tingast hjå kommunen. Du finner meir informasjon i informasjonsarket « <i>Situasjonsplan – kva vert krevd?</i> »	
Teikningar. Det skal vere fagmessig utført og i målestokk, f. eks. 1:100. Du finner meir informasjon i informasjonsarket « <i>Teikningar – kva vert krevd?</i> »	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområda inndelt i godkjeningsområde og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege foretak og gjennomføring av oppgåvene. nr. 5185*	
Erklæring om <u>ansvarsrett</u> for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande. nr. 5181*, ev. 5184* og 5187*	
Eventuelle uttale og avgjerder frå andre myndigheite som nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u> (vegmyndigheit etc.)	
Eventuelt søknad om dispensasjon *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, vert det kravd grunngeven søknad etter <u>plan-og bygningslova § 19-1</u> . Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje nødvendig dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuelle naboar. Dette i samsvar med <u>plan-og bygningslova § 29-4</u> og teknisk forskrift (TEK 10) § 6-4. Du finner meir informasjon i informasjonsarket « <i>Dispensasjon</i> ».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

De 4-sifrede numrene til høyre i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finner på Direktoratet for Byggkvalitet sine sider.

Generelt om skilt- og reklameinnretninger, jf pbl § 30-3:

Skilt- og reklameinnretninger må ikkje verka skjemma eller sjenerande i seg sjølv, i tilhøve til omgjevnadane eller for trafikken, eller vere i strid med ynskt utvikling i kommunen.

Du kan få løyve til å setja opp skilt- og reklameinnretning *permanent, for eit bestemt tidsrom* eller *inntil vidare*. Får du løyve *inntil vidare*, kan kommunen seinare gje deg pålegg om å fjerna eller endra kvart og eit skilt- og reklameinnretning som etter skjønn til kommunen strida imot krava nemnt ovanfor. Innretning som vert anteke å medføra fare kan kommunen alltid gje deg pålegg om å fjerna.

SKILT OG REKLAME**Når kan du byrja arbeidet?**

Om det du skal setja opp ikkje er *søknadspliktige, kan du byrja arbeidet med ein gong du har avklart at vilkåra for unntak frå søknadsplikt er oppfylt.

Om det du skal gjera er søknadspliktig kan du byrja arbeidet tre veker etter at søknaden er motteken av kommunen viss følgjande vilkår er oppfylt etter plan- og bygningslovens § 21-7:

- Søknaden er komplett, det vil seia at han inneheld all naudsynt informasjon
- Oppføring av tiltaket er i samsvar med avgjerder gjeve i eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førehand).
- Det er ikkje naudsynt med ytterlegare løyve, samtykke eller utsegn frå anna myndigheite etter SAK10 § 6-2 .
- At det ikkje finst nabomerknader.
- Kommunen har ikkje gjeve deg melding om forlenget saksarbeidsfrist etter SAK10 §7-3.

Dette vilkåret gjeld ikkje dersom tiltaket er slik at du som tiltakhavar kan søkja sjølv utan å bruka ansvarlege føretak. Sjå tabell 2 og pbl § 21-7 tredje ledd.

Er ikkje desse vilkåra oppfylt, må du venta med å setja opp skilt- og *reklameinnretningen til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då ein frist på 12 veker til å gje deg svar. Sjå pbl § 21-7 .

Når dei søknadspliktige arbeida er ferdig utført, skal du som tiltakhavar / ansvarleg søker be kommunen om ferdigattest.